

Til opplæringsavdelinga

Prognoseinntaket- kommentar frå Garnes vidaregåande skule:

Vi synes det er positivt at vg1, studiespesialiserande kan aukast med ein klasse.

Vi ber om at alle primærøkarar i vg1 og vg2 blir tekne inn ved skulen. Då kan dei elevane som er knytt til toppidrettsfaget og det samarbeidet skulen har med dei lokale idrettslaga, kome inn. På den måten kan skulen halde fram med dette positive samarbeidsprosjektet som no er kome i stand med klubbane Bjørnar og Arna-Bjørnar. Dette er eit viktig tiltak for ein bærekraftig skule i Arna.

Vi ynskjer å behalde to klassar i vg3, påbyggingskurs.

Det vil bli dramatisk for skulen dersom klassetalet i påbyggingskurs blir redusert. Skal skulen ha eit bærekraftig grunnlag må elevtalet haldast oppe. Påbyggklassane er i den samanheng særst viktige for oss.

Vi ber om at tilbod om påbyggingskurs for dei elevane som har fag -og yrkeskompetanse blir lagt vår skule.

Skulen er i ein sårbar situasjon. Å behalde to påbyggklassar vil gi økonomisk grunnlag til å kunne gi eit forsvarleg og godt undervisningstilbod. Det vil mellom anna kunne gi ei viss breidde i programfagstilbodet. Det er òg viktig for oss å kunne gi lærarane i ei ung personalgruppe rimeleg stillingsstorleik. Slik kan skulen få høve til å utvikle personalgruppa og lærarane får ein trygg arbeidssituasjon.

Garnes 30.03.2015
For rektor Svein Nybø

Kopi til Nils Skavhellen